

# KONTROLLUTVALET I NORDDAL KOMMUNE

## MØTEBOK

Møtedato: 10. september 2014  
Møtestad: Rådhuset kl. 15.05

Møtet vart leia av: Jon Kåre Løvoll

Elles til stades: Solveig Linge Stakkestad, Turid Aspehjell, Arild Nærø og Svein Vidar Normann.

= 5 voterande

Olav Løvoll hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.  
Frå Norddal kommune møtte rådgjevar Helge Svendsvik og leiar for TSSN, Einar Lied i sak 16/14.

Vedkomande innkallinga vart det reist spørsmål om generell utsending av saksdokument til varamedlem. Til dette vart det svart at praksis må vurderast i kontrollutvalet. Den mest vanlige praksis i distriktet er at varamedlem følgjer med i sakene på kontrollutvalsekretariatet si heimeside der alle sakene er lagt ut.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt som vart behandla.

### **SAK 15/14 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 2. JUNI 2014**

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 2. juni 2014 blir godkjent.

### **SAK 16/14 PRAKTISERING AV PLAN- OG BYGNINGSLOVA I NORDDAL KOMMUNE**

Kommunalsjef Helge Svendsvik og leiar for TSSN, Einar Lied orienterte.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek saka til vitande
2. Kntrollutvalet ønskjer å kome tilbake med ei sak omkring kommunens tilsynsmynde.

**SAK 17/14**  
**VEDKOMANDE BUDSJETT 2015 – NORDDAL**

Saksdokument datert 05.09.2014 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Budsjettet for kontrollutvalet si opplærings- og reiseaktivitet blir sett til 40.000 kroner.

**SAK 18/14**  
**ENGASJEMENTSBREV FRÅ REVISOR**

Innstilling datert 05.09.2014 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek saka til orientering
2. Kontrollutvalet hadde sett at engasjementsbrev vart levert i begynnelsen av valperioden.

**SAK 19/14**  
**SAK OM FJERNVARMEANLEGG**  
(Saka kom opp under eventuelt)

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet etterlyser framlegging av sak om fjernvarmeanlegg bestilt av kommunestyret.

**SAK 20/14**  
**MØTEPLAN HAUSTEN 2014**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek sikte på ytterlegare to møte i 2014. Det eine av desse blir sett til 4. desember 2014.

Jon Kåre Løvoll  
leiar  
(sign.)

Solveig Linge Stakkestad  
nestleiar  
(sign.)

Turid Aspehjel  
medlem  
(sign.)

Arild Nærø  
medlem  
(sign.)

Svein Vidar Normann  
varamedlem  
(sign.)